

Radøy Kommune

Manger, 19.09.2019

Radøyvegen 1690

5936 Manger

Søknad om tilskot til dokumentasjon av Manger Musikklag si historie.

Manger Musikklag vart skipa 22 april 1922. I 2022 feirar me laget sitt 100-årsjubileum. Historia vår femnar over mykje. Det er difor vårt mål å kunna samla mest mogleg informasjon om:

- omstenda kring skipinga av laget
- laget si rolle før, under og etter krigsåra
- den påfallande musikalske utviklinga laget hadde i 70- og 80-åra.
- aktiviteten dei siste tiåra
- Manger Musikkag anno 2022

Me jobbar no med å dokumentera, både gjennom digitale og tradisjonelle medium, desse 100 åra. I samband med dette ynskjer me å søkja Radøy Kommune om støtte til eit for-prosjekt.

Laget har valt å synleggjera jubileet på fleire måtar. Mellom anna vil me ha ei stor markering på Manger 22. april 2022, og ein jubileumskonsert i Grieghallen våren 2022.

Me søkjer med dette om kr 50 000,- til eit for-prosjekt for å kunna dokumentera historia til Manger Musikklag på ein fullverdig måte.

For Manger Musikklag

Tore Morken




Johannes Mangersnes